

## Tor hentar hammaren

Ein morgon då Tor vakna, var hammaren hans borte.

Hammaren heitte Mjølner.

Tor blei så sint at skjegget rista. Han bad guden Loke finne ut kven som hadde stole hammaren. Loke fann ut at det var ein som heitte Trym. Trym sa at Tor kunne få tilbake hammaren om Trym fekk gifte seg med den vakre Frøya. Tor og Loke drog til Frøya, men ho blei sint og nekta å gifte seg med Trym.

Då fann dei ut at dei skulle kle ut Tor som ei brur i staden. Dei tok på han brurekjole og brureslør. Så drog dei til Jotunheimen, der Trym budde. Trym hadde laga fest, med masse mat og drikke. Brura, som jo var Tor, åt ein heil okse, åtte laks og masse søtsaker. Så tømde han tre tønner mjød. Trym syntest dette var litt rart. Loke fortalde at brura var så svolten fordi ho hadde gledd seg sånn til bryllaupet. Då ville Trym kysse brura. Men Tor såg på han med eit blikk som gjorde at han ikkje torde. Det var som om det stod flammur ut av augo hans.

No skulle dei gifte seg. Brura fekk hammaren Mjølner i fanget. Hjarta slo hardt i brystet på Tor då han kjende hammaren. Først drap han Trym. Så knuste han alle Tryms hjelparar. Slik fekk Tor hammaren sin tilbake.



### Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 17.

Gjer oppgåvene 1, 4, 5, 6, 8.